



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for september 2009.

Distrikt 2280
Klubbnr. 12713

Årgang 45



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Oddvar Haugen
Visepres:	Vigdis Riise
Sekretær:	Trygve Riise
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Johan Ole Brandal
Styremedlem:	Magnar Hatløy
Styremedlem:	Anders Riise
Ansv.red.:	Håvard Myrene
Referent:	Øystein Alme

Fødselsdagar i september

Liv Hilde Holstad Jøssok	15. sept.
Johs. J. Hareide	16. sept.
Oddvar Haugen	18. sept.
Ingar Bigset	25. sept.
Kirsti Hareide Øvrelid	30. sept.

Frammøteporsent i september: 67,6 %

100% frammøte i september:

Sigbjørn Haddal, Magnar Hatløy, Oddvar Haugen, Jan Håvard Nytun, Vigdis Riise, John Stennes, Bjørn Teigene, Otto Holstad, Trygve Riise, Håkon Brekke og Arne Gunnar Aschehoug.

HAUST.

*Kvar vart det taa alle dei Fuglar,
som song
i Sumar so vænt millom Greino?*

*Sidan eg høyrdde deim
ender og Gong;
og so vart det Stilla i eino.*

— Han tagnar, Fuglen, mot Hausten.

*Kvar vart det taa alle dei Blomar,
som stod
og nikka i Ljos og i Ange?
Eg ser yver Bøen,
men er inkje god
faa Auga paa ein av dei mange.*

— Han visnar, Blomen, mot Hausten.

Per Sivle.

7.september

Kvelden var sett av til dugnad på Rotarystien.

Oppmøtestad var Hareidsbrua ved riksvegen.

Godt frammøte i ruskete vær med regn.

Dugnadslaget slo gras og rydda skog langs Rotarystien.

Dugnaden var lagd til akkurat denne måndagen for å presentere Rotarystien i god stand til vandringa langs med den, på den Internasjonale kulturdagen påfylgjande helg.

14.september

Møtet denne kvelden starta med songen ”Lat oss leve for kvarandre”.
(slager frå Gluntan).

Oppmøte denne kvelden var ”moderat”, noko Oddvar Haugen meinte nok skuldast at det var stortingsval.

Oddvar Haugen ønskte vel møtt og informerte samstundes om aktuelle saker.

Hareid R. har søkt Hareid Ølutsalg om middel.

Stranda Rotary feirar 50-års jubileum på Stranda Hotell 31.10.09, kl.1900.

Oppmøtet på dugnaden sist måndag var godt og arbeidsinnsatsen god.

Vandringa langs med Rotarystien på den Den Internasjonale kulturdagen blei vellukka med 78 frammøtte.

Vandringa tok 2 timer med fleire innlagde stopp.

Første stoppet var ved det gamle kvernhuset, der Endre Hareide fortalte litt om historia til dette.

Stoppa vart det og gjort ved ”Djuphola”, med tilhøyrande historier.

Magnar og Vigdis serverte svele og kaffi til dei kaffitørste på eit av stoppa.

Hareid kommune har opplyst at dei har midlar som kan nyttast til kultur og han lufta eit forslag om Hareid Rotary ville vere med på ein felles innsats for å få sette opp skilttavlar med informasjon ved Kvernhuset, Djuphola og ved staden der det vart drive perlefiske.

Oddvar og Magnar, med ektefelle, reiser på komande distriktskonferanse.

Nokre av medlemmane kom med ynskje om at det vert lagt ut kopiar av aktuelle saker som Månadsbrev, Programoversiktar m.m. til dei som ikkje har tilgong til Internett.

Oddvar Haugen avslutta møtet.

21.september

Møtet denne kvelden vart som vanleg starta med ein song.

Oddvar Haugen ønskte vel møtt samstundes som han fortalte om turen Magnar og han, med ektefellar, hadde hatt til distriktskonferansen på Stiklestad.

Oddvar Haugen rådde alle som får høve til å prøve å ta del på ei slik samling.

Otto Holstad fekk så ordet, der han kunne vise flotte frå bilder frå Tafjordfjella der han var hyttevakt i sommar.

Otto kunne og fortelje at han hadde hatt fleire besøk av born og borneborn under dette opphaldet.

28.september

Møtet denne kvelden starta med songen ”Nyst munde det regna”.

Oddvar Haugen ønskete vel møtt til dette siste møtet denne månaden. som tradisjonen tru er programfritt og sett av til ein god prat med kaffi og sveler til.

Informasjonen denne kvelden frå Oddvar Haugen var enkel og grei.

Måndag den 19.oktober er det klart for ”Rekefest”, liste for påmelding vart sendt rundt.
Møtet heldt fram med ein god prat, kaffi og sveler.

Oddvar Haugen avslutta møtet og yngste oss vel heim.